



Årsmelding 2021

Styremedlemmer i 2021

Leiar	Even Sørland
Nestleiar	Fauzia Hussain-Wiik
Sekretær	Annie Vårdal
Kasserar	Geir Totland
Medlemsansvarleg	Jørgen Haugland
1. Styremedlem	Lillian Vangberg
2. Styremedlem	André Jonberg
AUF-representant	Ole Flåm Svendsen
1. Varamedlem	<i>May-Brit Nordås</i>
2. Varamedlem	<i>Jens-Olav Johannessen</i>

Styremøter

I løpet av perioden har styret hatt ni styremøter, i både fysiske og digitale versjonar.

Medlemsmøter

I 2021 har Åsane Ap arrangert fem medlemsmøter.

- **Digitalt årsmøte 18. januar:** Valgkamp og viktige oppgåver for ein ny Ap-regjering.
Innleiar: Stortingsrepresentant og finanspolitisk talsperson Egil Knutsen
- **Digitalt medlemsmøte 25. februar:** Opptakt til stortingsval høsten 2021.
Innleiar: Stortingskandidat Marte Mjøs Persen og nestleiar i AiB Terje I. Wanvik
- **Fysisk medlemsmøte 23. august:** Frivillig innsats i valkampen.
Innleiar: Valkampsjef i Hordaland valgkrets, Stian Jean Opedal Davies.
- **Digitalt medlemsmøte 17. juni:** Temamøte om energipolitikk og opprettning av nytt uformelt energiutval i AiB. Første felles medlemsmøte arrangert saman med Arbeiderpartiets Universitetslag og Oljeindustriens arbeidersamfunn.
Innleiar: Espen Barth-Eide, med eit breidd sammensatt panel.
- **Digitalt medlemsmøte 14. desember:** Temamøte om Aps energipolitikk og vinterens straumprisar, arrangert saman med Arbeiderpartiets Universitetslag og Oljeindustriens Arbeidersamfunn.
Hovudinnleiar: Vår eigen statsråd Marte Mjøs Persen, med fleire.

Vi planla også ei juleavslutning for medlemmene 13. desember, som dverre blei avlyst grunna smittevernomsyn.



Annan aktivitet

19. april gjennomførte Åsane Ap fleire medlemsbesøk med merkeutdeling, saman med stortingskandidat Marte Mjøs Persen. Dette blei også eit fint avisoppslag i Åsane Tidene.

4. september tok vi del i ei større utandørs markering for Bybane til Åsane.

Det har vore god deltaking frå Åsane Ap både i digitale aktivitetar og i både digitale og fysiske representantskapsmøter i regi av Arbeiderpartiet i Bergen (AiB) og Vestland Arbeiderparti (VAP). Til dømes stilte vi med heile tre representantar til representantskapet i VAP i Sogndal 30.-31. oktober. Vår nestleiar Fauzia Hussain-Wiik stilte også som delegat til Ap sitt digitale landsmøte.

Åsane Ap har vore aktive i både sosiale medium og i lokalavisa med saker som er viktige for Åsane, til dømes E39, bybana, og gang- og sykkelstien i Salhusvegen.

Styret har brukt ulike metodar for å komme i kontakt med både medlemmer og innbygjarar Åsane bydel. 16. mars inviterte vi eit utval engasjerte personar som jobbar med å opprette ein fleirbrukskall ved Mjølkeråen skule, til digitalt møte med heile styret.

Våren 2021 besøkte vi aksjonistane for tryggare E39 på Hylkje, saman med byrådsleder Roger Valhammer.

Saman med Arna Arbeidarpartilag tok vi i haust del i eit møte med lokale ildsjeler fra Haugland/Blindheim, som ynskjer å bevare Arnadalen ved utbygging av E39.

Åsane Ap har og gått saman med Universitetslaget og Oljeindustriens Arbeidersamfunn, som begge er lokallag i AiB, for å setje energipolitikk på dagsorden. Energiutvalet har til nå hatt to digitale medlemsmøter og har mål om å verke som møteplass for alle medlemmer som har lyst til å kunne snakke uforpliktande rundt energi- og klimapolitikk.

Valkamp, stands og aksjonar

Grunna koronapandemien blei det ein annleis valkamp i 2021, men tross dette har både styret og medlemmer i Åsane Ap vore aktive både i representasjon i partiet og i ein vellykka valkamp for stortingsvalet 2021. Vi klarte å gjennomføre både digitale og fysiske arrangement, og har vore godt synlege både i bydelen vår, i sosiale media og i lokalavisa. Vi hadde fokus på å være positive og på å fremje vår eigen politikk.

Med eit høgt fokus på smittevern, har vi heile tida justert aktivitetar etter gjeldande tilrådingar. Styret hadde veldig god hjelp frå mange engasjerte medlemmer. Det viser igjen på både valresultat og i representantskapet at vi er eit aktivt lag.

Vi starta valkampen allereie i landsmøtehelga i april 2021, og hadde jevnlege stands ulike stader i Åsane dei fleste laurdager utover våren.



Det blei gjennomført følgjande faste aktiviteter i regi av Åsane Ap frå august 2021.

- **Morgenaksjonar på Åsane terminal:** Måndager, kl. 07:00-08:00
- **Stands på Horisont:** Onsdager kl. 18-20. Laurdager to skift kl. 12-14 og 14-16.
- **Stands på Åsane senter:** Onsdager kl. 18-20. Laurdager to skift kl. 12-14 og 14-16.
- **Stands ved Liavatnet:** Laurdager, to skift kl. 12-14 og 14-16.

- 17. august hadde vi ein turaksjon i Breisteinfjellet.

- 8. september hadde Åsane Ap ansvar for å bemanne valboda på Torgallmenningen, og medlemmer frå Åsane Ap deltok også i valboda ved fleire høve.

- 13. oktober holdt styret eit utvida styremøte på Egon Horisont, saman med dei mest aktive frivillige i valkampen. Tema var oppsummering av valgkamp, innspill og diskusjon. Vi ville også rette ei takk til alle dei frivillige som hadde stilt mykje opp.

- Blant anna 26. april tok Åsane Ap tok del i digitale husbesøk via telefon, som Vestland Arbeiderparti arrangerte som ein del av vårkampanjen.

Medlemsutvikling

Tal på medlemmer pr. januar 2021: 186

Tal på medlemmer pr. januar 2022: 189

Antall nye medlemmer i perioden: 18

Åsane Ap har det siste året fått ein god del nyinnmeldte medlemmer. Det er talet på betalande medlemmer 31. januar som avgjer kor mange representantar vi får i partiet.

Representasjon

Åsane Ap har òg i 2021 hatt utsendingar til andre partiorgan:

- Årsmøtet til Hordaland/Vestland Arbeiderparti: 2 delegatar
- Årsmøtet til Arbeiderpartiet i Bergen: 11 delegatar
- Representantskapet til VAP: Grunna forfall deltok 3 delegatar, leiar Even Sørland, nestleiar Fauzia Hussain-Wiig og sekretær Annie Vårdal.
- Representantskapet til Arbeiderpartiet i Bergen: 11 plasser
- Studieutvalet til AiB: Jørgen Haugland
- Kvinnekontakt til Arbeiderpartiet i Bergen: Fauzia Hussain-Wiik
- Klagenemnd AOF: May-Brit Nordås

Jørgen Åhlund Haugland fortsatte som vara til styret i Arbeiderpartiet i Bergen.

Fleire av Åsane Ap sine representantar har også tatt del i faste og midlertidige utval i partiet:

- Valkomiteen til AiB: May-Brit Nordås
- Suppleringsutval AiB: Lillian Vangberg
- Internasjonalt utval i AiB: Geir Totland
- Energiutvalet i AiB: Even Sørland



- Skolepolitisk utval: Atle Rasmussen
- Kontrollkomitéen til AiB: Atle Rasmussen

Etter valet i 2019 har Åsane Ap følgjande folkevalgte:

Bergen bystyre:

- Lillian Vangberg – medlem i bystyret og Utvalg for miljø og byutvikling
- Amina Amin – medlem i bystyret og Utvalg for barnehage, skule og idrett
- Even Sørland – vara til bystyret og 1. vara til Utvalg for miljø og byutvikling
- May-Brit Nordås – vara til bystyret og 1. vara til Utvalg for helse og sosial
- Stig Morten Frøiland – vara til bystyret, 3. vara til Utval for barnehage, skule og idrett

Vestland fylkesting:

- Gro Berge – vara til Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Økonomi

Laget har framleis ein stabil og god økonomi etter eit år med valkamp og mykje aktivitet. Vi ser at vi treng eit ekstra sett med stands-utstyr grunna høg aktivitet i laget.

Til valkampen blei det kjøpt inn mellom anna munnbind med partilogos, t-skjorter og innpakka drops. Grunna smittevernsomsyn blei det kjøpt inn mindre roser og liknande enn vanleg, men dei blei kjøpt nokre roser i innspurten til utdeling på stands siste helga og til medlemmer.

Styrets oppsummering

Enda eit annleis år er omme, men tross alt meiner styret at dette har vore eit godt år for lokallaget, med eit høgt engasjement og aktive medlemmer. Styret har hatt fokus på å finne plass til de som vil engasjere seg, invitere til innspill og å halde medlemmene oppdatert via medlemsmøter, sosiale medier og informasjonsbrev på e-post.

Åsane Ap har fortsatt å ta aktiv del i partipolitikken i Bergen og Vestland, og har vore tydelege og synlege i saker som gjeld Åsane bydel.

Styret: 10.01.2022

Even Sørland

Jørgen Haugland

Fauzia Hussain-Wiik

Geir Totland

Annie Vårdal

Lillian Vangberg

Jens-Olav Johannessen

Ole Flåm Svendsen

André Jonberg

May-Brit Nordås